

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV FEBRUAR 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Odd Arne Holstad

Fødselsdager i februar:

Sigurd Lynge Bigseth 21.02

Ivar Grimstad 25.02

Jan Håvard Nytun 16.02

100%frammøte i februar 2005:

Ingar Bigset, Johs J Hareide,
Hallkjell Dahle, Oddvar Haugen,
Hans Gisle Holstad, Arve Røyset,
Jan H Nytun, Åge Nytun,
Håkon Brekke, Elias Sellevold

Frammøte 75,8%

UM Å BERA

**Skapte er vi te bera,
og lette børene for kvarandre.
Til fånyttes lever ingen.**

**Men våre egne bører
skal vi bera åleine.**

**Stor og verdfull er sorgi
som ikkje kan delast med andre.
Men fatigsleg, liti og arm er den glede
som du vil ha åleine.**

**Hjelpeslaus er den
som ikkje har nokon å hjelpe,
og vera god mot.**

**Lik tre utan sevjestraum
turkast han inn - -.**

**Den mannen ber tyngste børi
som ingen ting har å bera.**

Jan Magnus Bruheim

Månadsbrev, Hareid Rotaryklubb – Februar 2005

Referent: Odd-Arne Holstad

Møte 7/2.

Etter ei kort innleiing gav presidenten ordet til Oddvar Haugen som var ansvarleg for kveldens program. Temaet var Rotary og internett. Oddvar kunne opplyse at Internett no var ei av dei viktigaste informasjonskjeldene om Rotary International, rotary-distrikta og dei einskilde klubbane. I den perioden Asbjørn Øye var guvernør var han svært oppteken av at alle klubbane i vårt distrikt skulle få si eiga internettside. I møtet han hadde med vår klubb i 2001 tok han opp dette og Oddvar laga då den sida som representerer Hareid Rotaryklubb i dag og som han viste på møtet. På første sida er det mellom anna linkar til Ishavsmuseet i Brandal og til Hjørungavågspelet som er to attraksjonar som er viktige for å profilere Hareid. Det er ikkje høve til å ha med for mykje stoff som ikkje er rotary-relatert, men noko som er beskrivande for klubben sitt geografiske område er det høve til å ta med. Vidare er det medteke oversikt over kven som er medlem i klubben, dei ulike komiteane, styret, møteplan, samt linkar til Rotary Norge og til Rotary International. Sida "informasjon" inneheld ein del generell rotaryinformasjon, samt linkar til klubbens månadsbrev og guvernørens månadsbrev. Vidare er det ein link til ei arkivside der tidlegare års månadsbrev er lagra. Det er også ein link til prosjekt som klubben har gjennomført og har planar om å gjennomføre. Vidare er det linkar til meir omfattande informasjon om Rotary International. Sida har også ein link til det historiske opphavet til guvernørkjedet til distrikt 2280. Sidan det var Guttorm Hareide som tok initiativet til å få lage kjedet, er det naturleg at informasjon om dette er medteke på vår klubb si heimeside.

For at månadsbrev skal kunne lesast må programmet Adobe Reader vere installert. For dei som ikkje har dette programmet, er der ein link til dette programmet som kan lastast ned gratis frå nettet. Oddvar opplyste at heimesida vert oppdatert når nye månadsbrev ligg føre. Til slutt var det høve til å stille spørsmål vedrørande heimesida spesielt og internett generelt.

Møte 14/2

Presidenten innleia møte med å referere frå ein e-post han hadde fått frå Einar Arne Rise i Spania. Han kunne fortelje at det var stor tilgang på nye medlemmer i den nyskipa rotary-klubben der nede. Elles opplyste presidenten at det ikkje var kome merknader til forslaga på nye medlemmer i vår klubb. Han oppmoda difor fadderane til dei potensielle medlemmane om å invitere dei til møta og elles fylgje dei opp på beste måte. Til slutt gav presidenten nokre praktiske opplysningar vedrørande dei komande jubileumsmarkeringane før han gav ordet til kveldens programansvarleg, Karl Johan Bakken frå Farstad Shipping AS.

Karl Johan innleia med å presentere seg sjølv. Temaet for foredraget hans var å presentere Farstad Shipping AS, som har hovudkontoret sitt i Ålesund.

Etter utdanninga si ved høgskulen i Trondheim vart han tilsett i dåverande Ulsteingruppa/Ulstein Trading. Der var han i 15 år før han vart tilsett i Farstad Shipping AS.

Reiarlaget Farstad Shipping vart skipa i 1956. Tonnasjen var då tank- og bulkskip fram til midten på 70-talet då "offshore alderen" tok til. Det første forsyningsskipet

av typen UT 704 fekk reiarlaget levert i 1974.

I 1988 vart Farstad Shipping lagt ut på børs. Etter dette fylgde ein sterk vekstperiode på 90-talet. Karl Johan opplyste at reiarlaget i dag har 47 skip og totalt ca 1200 seglande sjøfolk.

Farstad har kontrahert 5 nybygg og 2 av desse er tinga i år. Dei aller fleste skipa til Farstad er enten bygde ved lokale verft og/eller har utstyr/design frå lokale verksemdar.

Flåten til reiarlaget har i dag ein reell marknadsverdi på ca 6 milliardar kroner. Deretter gjekk Karl Johan gjennom organisasjonsplanen til reiarlaget og eigarforholda. Farstad-familien eig i dag 45%. Institusjonelle eigarar eig ein stor del av dei resterande aksjane. Omsetninga i selskapet har auka frå 350 mill til 4 milliardar på 10 år (1993-2003)

Trass i denne volumauken har selskapet klart å halde på resultatgraden.

Nordsjøen var den dominerande marknaden dei første åra. Dei siste åra har den delen av fraktinntektene som kjem frå denne marknaden minka jamt. Selskapet er i dag tungt inne i Brasil og Asia.

Selskapet sin strategi er å vere i fremste rekke på område som er teknologisk krevjande og difor krev spesielt avansert tonnasje. Dette gjeld mellom anna djupvassteknologi og operasjonar som krev større skip med stor motorkraft. Han illustrerte utviklinga ved å vise bilde av dei første skipa og samanlikna dei med den tonnassen som i dag vert kontrahert.

Avslutningsvis kom Karl Johan inn på kor viktig det "Maritime Clusteret" som vi har i vårt distrikt er for heile den maritime næringa si utvikling både lokalt og nasjonalt..

Møte 23/2

Det ordinære møtet som normalt skulle vere måndag 21/2 var flytta til onsdag 23/2 for å markere 100-års dagen for skipinga av Rotary International.

Presidenten innleia med å gratulere mede dagen. Deretter tok han eit tilbakesyn over

dei viktigaste milepælane i Rotary si historie:

- Forløparen til Rotary International vart skipa 23 februar 1905 i Chicago, USA av Paul Harris og tre andre næringsdrivande. Intensjonen var å heve den etiske standarden til næringsdrivande, samt å betre forståinga mellom dei ulike yrka.
- Den andre klubben vart skipa i San Fransisco i 1908.
- Paul Harris gjekk av som president i 1912
- Rotary Foundation vart skipa i 1917. Polio Pluss, Rotarys program for å utrydde polio, er det mest kjende prosjektet som vert finansiert av Rotary Foundation.
- Rotary sin logo, tannhjulet, vart til i 1923
- "4- spørsmål-prøva" vart innført i 1943
- Det vart bestemt at Rotary skulle leiast av eit "Board of Directors" med ein verdsresident på toppen.
- Prisen "Paul Harris Fellow" vart utdelt frå 1957.
- Den første norske Rotary klubben – Kristiania Rotaryklubb vart skipa i 1922.
- I 1989 vart Rotary offisielt opna for kvinner. I dag er det ca 145000 kvinnelege rotaryanarar og 45 av desse er guvernørar.
- Rotary har i dag ca 2 mill. medlemmer i 162 land.

Jubileumsfest – Laurdag 26 februar.

For å markere at det er 100 år sidan Rotary vart skipa, blei det arrangert stor Inter-city-fest på Ulstein Hotell denne kvelden.

Ørsta, Volda, Herøy, Ulstein og Hareid Rotaryklubbar hadde gått saman om dette arrangementet. Ca 150 rotaryanarar m/ektefeller/sambuarar møttest kl 1900 til ein appetit før vi tok plass rundt festpynta bord i hotellet sin kongressal. Ulstein Rotaryklubb sin president, Dagfinn Bye, leia

festen og batt dei ulike innslaga saman på ein framifrå måte.

På menyen stod fiskesuppe, stekt indrefilet av okse og ein sorbet til dessert. Alle klubbane hadde ansvaret for kvar sitt kulturelle innslag. Hareid sitt bidrag var Bigset Blandakor som song 3 nummer til stor applaus frå festlyden. Guvernør Magne Skudal heldt eit interessant historisk attersyn over 100-års jubelanten. Den trivelege festen vart avslutta med dans til fin musikk frå familien Demirov.

Møte 28/2

I tillegg til å feire Rotary International sitt 100 års jubileum, kan vi også i år feire at vår eigen klubb er 40 år. Dette vart markert på møtet denne kvelden. Etter ei kort innleiing av presidenten, tok Trygve Rise over og gav oss eit lite tilbakeblikk på dei 40 åra som har gått sidan klubben vart skipa 1 mars 1965:

- Karsten Larsen frå Ålesund Rotaryklubb var ein av initiativtakarane til skiping av ein Rotary klubb på Hareid. Erling Hareide vart den første presidenten.
- Det var 27 medlemmer i klubben ved skipinga. Trygve las opp namna til alle dei 27.
- Av desse er det i dag kun 3 aktive medlemmer i klubben, det er Gunnar Rise, Håkon Brekke og Einar Holm.
- Guttorm Hareide var den andre presidenten i klubben. Han vart også distriktsguvernør i 1973. Guttorm la ned eit stort arbeid for både distriktet og klubben.
- Trygve lista også opp ein del av dei mange prosjekta som klubben har engasjert seg i: Radar til ambulansébåten "Samaritan", Berlin-leirane for krigsråka tyske born, reising av minnesmerke over futen Landmark i Brandal, bygging av fangsthytta "Holsbu" ved Ishavsmuseet, dugnader på kyrkjegarden og på Holesanden, teleslynge på

klubbhuset til Hareid IL, sklie til symjehallen, diverse tilfang til sjukeheimen, mm

- Hareid Rotary har også vore ein aktiv klubb når det gjeld ungdomsutveksling. Vi har teke mot 3 ungdomar, to frå Brasil og ei jente frå Japan. Like mange ungdomar frå Hareid har fått høve til eit års opphald i utlandet.
- Klubben hadde sitt første møtelokale på Solstrand. Deretter vart det Rådhuset, Hareid hotell og frå 1999 klubbhuset til Hareid IL.
- Røyrafesten på Holesanden har vore ein populær tradisjon sida 1968. Også julemøtet med lutafisk/juletallerken og eit religiøst innslag siste møtet før jul, har etter kvart vorte ein tradisjon i klubben.
- Av programma nemnde Trygve spesielt bedriftsbesøka og ego-foredraga som dei mest populære.
- Klubben vår har fått mange utmerkingar. Mellom anna for beste månadsbrev og for dei såkalla Berlin leirane for tyske born.
- Klubben har delt ut "Paul Harris" til Guttorm Hareide, Peder Måseide, Ivar Grimstad, Einar Holm og Johan H. Grimstad.
- Trygve kom også inn på ein del av dei turane som har vore arrangert av klubben: Tur til Galdhøpiggen, Muldalen, Molladalen, Vinstra og til Standal- hytta.
- Klubben vår har tradisjonelt vore ein av dei beste klubbane i distriktet når det gjeld frammøte; spesielt i dei første åra då telegrafstyrar Nils Alvestad var protokollfører var frammøtet godt.. Møtet vart avslutta med kaffi og kaker og mimring om hendingar frå klubben sine første år.